

Sammlaren

Tidskrift för
svensk litteraturvetenskaplig forskning
Årgång 109 1988

Svenska Litteratursällskapet

Distribution: Almqvist & Wiksell International, Stockholm

Detta verk har digitaliserats. Bilderna av den tryckta texten har tolkats maskinellt (OCR-tolkats) för att skapa en sökbar text som ligger osynlig bakom bilden. Den maskinellt tolkade texten kan innehålla fel.

REDAKTIONSKOMMITTÉ

Göteborg: Lars Lönnroth

Lund: Louise Vinge, Ulla-Britta Lagerroth

Stockholm: Inge Jonsson, Kjell Espmark, Vivi Edström

Umeå: Sverker R. Ek

Uppsala: Thure Stenström, Lars Furuland, Bengt Landgren

Redaktör: Docent Ulf Wittrock, Litteraturvetenskapliga institutionen,
Box 1909, 751 49 Uppsala

Utgiven med understöd av

Humanistisk-Samhällsvetenskapliga Forskningsrådet

Bidrag till *Samlaren* bör vara maskinskrivna med dubbla radavstånd och eventuella noter skall vara samlade i slutet av uppsatsen. Titlar och citat bör vara väl kontrollerade. Observera att korrekturändringar inte kan göras mot manuskriptet

ISBN 91-22-01310-5

ISSN 0348-6133

Printed in Sweden by

Almqvist & Wiksell Tryckeri, Uppsala 1989

Övriga recensioner

Structure and Meaning in Old Norse Literature. New Approaches to Textual Analysis and Literary Criticism. Ed. John Lindow, Lars Lönnroth, Gerd Wolfgang Weber. Odense University Press, Odense, 1986. (454 s.)

Old Norse-Icelandic Literature. A Critical Guide. Ed. Carol J. Clover, John Lindow. *Islandica* 45. Cornell University Press, Ithaca og Lodon, 1985. (387 s.)

Studiet av norrøn litteratur er stendig meir blitt ei internasjonale sak, der dei nordiske landa etter kvart får spele andre fiolin, er det likt til. Frå gammalt har dei nordiske nasjonane henta tilfang til sin historiske identitet i dette studiet, men denne grunngevinga har mista mykje av sin appell, og det gamle spørsmålet om odelsretten til språket og diktinga – oldnordisk, gammalnorsk eller islandsk – framstår ikkje lenger som eit godt stilt spørsmål. I alle fall krev sjølve spørsmålsstillinga ei ny grunngeving. Ein særleg skyldnad andsynes faget vil likevel dei nordiske landa ha, sidan det er der handskriftene finst, og ikkje mindre viktig er det at vi har særlege føresetnader for studiet, sidan det gjeld vårt eige mål. Etter mitt syn kan det derfor ikkje tolast at studiet av norrøn filologi kjem i forfall i dei nordiske landa. Men når det er sagt, er det all grunn til å gle seg over den aukande internasjonaliseringa, og noko av det likaste vi no kan gjere i Norden, er å prøve å følgje med den internasjonale forskinga. I denne meldinga skal eg omtale to bøker som gjev godt høve til det.

Structure and Meaning, som er redigert av ein svenske, ein tyskar og ein amerikanar, annonserer ei nyorientering alt i undertittelen: »New approaches . . .», og nyorienteringa heng nok saman med internasjonaliseringa. I Norden har studiet for det meste vore trygt forankra i eit nasjonalt orientert morsmålsstudium, medan det elles i verda har meir variert tilknytning, ikkje berre til ulike fag som engelsk eller germanistikk, det kan òg vere del av eit miljø for komparativt litteraturstudium eller dele kår med folkloristikk, religionsvitenskap o.l. Alt dette kan gje fruktbare klima som opnar for nye samanhengar og synspunkt: »elements of folkloric style . . . anthropological perspective . . . sociological implications . . .», for no å plukke litt frå innhaldslista i boka.

Elles er det særleg eitt tekstanalytisk synspunkt frå føreordet som fortener å bli framheva, nemleg at det ofte løner seg å leggje eit diakront synspunkt på norrøne tekstar, slik at ein avslører dei «fossile» meningslag under overflatemeininga. Desse ulike laga kan stundom stå i spenningsforhold til kvarandre. Tekstfilologen må merke seg at dette synspunktet stiller nye utfordringar til det reint filologiske arbeidet òg, der ein bl. a. må krevje ein breiare dokumentasjon av tekstoverleveringa, og ikkje berre søkje etter ein arketype.

Det er eit program for utgevarane at alle artiklane skal innehalde analyse av tekstar, og boka er delt i tre etter teksttype. I første del gjeld det mytiske tekstar og poesi, i

andre del islendingesoger og i tredje del »mellomaldergenrar» som helgensoger og riddarsoger. Det er ei innholdsrik bok, og det vil derfor ikkje bli høve til å gå grundig inn på alle tilskota, men eg skal i det minste nemne kvart av dei, og eg tillet meg å gå mest inn på den første delen.

Boka opnar med to bidrag frå Moskva, som bae tek opp formelspråk i eddadiktinga. *Eleazar M. Meletinsky* er ein framstående folklorist, som for tjuve år sidan gav ut eitt av hovudverka i sovjetisk norrønfilologi, *Edda i rannie formy eposa*, der det er gjort framifrå greie for formelspråket i heile eddadiktinga. I artikkelen »Commonplaces and other elements of folkloric style in Eddic poetry» fører han denne studien vidare og konkluderer med at formelverket i eddadiktinga har folkloristisk opphav, men at det er utsett for ei »defolklorisering» eller litterær overarbeiding. Han meiner og at ein ut frå formlane kan slutte at delar av den mytologiske diktinga er relativt gammal.

Elena A. Gurevič, dotter til den kjende historikaren Aron Ja. Gurevič, skriv om »The formulaic pair in Eddic poetry: an experimental analysis», og åtvarar – høgst betimeleg – mot å setje likskapsteikn på den eine sida mellom tradisjonell og formularisk og på den andre sida munnleg, eller å setje opp ein alt for enkel kontrast mellom munnleg og litterær kunst. Dei formulariske paraordnar ho i første hand etter semantiske relasjonar: opposisjon, komplementaritet og tautologi. Desse gruppene kunne nok kanskje gjerast meir eintydige – opposisjon av kva slag og med omsyn på kva? – og stundom stussar ein over omsetjinga av dei norrøne orda (*undorn* – 'morning', *roðnir* – 'decorated', *hvítr* – 'intelligent'). Men det rokkar neppe ved konklusjonen hennar, som bl. a. er at eddadiktinga syner ei interessant utnytting av komplementære formlar, idet dei får ein særleg funksjon som eit komposisjonelt middel.

Margaret Clunies Ross og *B. K. Martin* (Sidney) grip òg til ein sovjetisk folkloristtradisjon i sin narratologiske analyse a la Propp og Greimas av Geirrødsmyten i Snorres Edda, »Narrative structures and intertextuality in *Snorra Edda*: the example of Thor's encounter with Geirrøðr». Trass i at utgangspunktet er ein narratologisk analyse, hevdar dei at Snorres Edda på sitt djupaste plan snarare er ein diskurs av intellektuell enn av forteljande art. Ein av dei lærdomar dei meiner ein kan lese ut av Geirrødsforteljinga i den samanhengen ho står i innom Edda, er at gudanens tungemål var eddiske vers, medan menneskeleg poesi fekk halde seg til skaldiske versemål.

Lars Lönnroth (Göteborg) sin artikkel om »Dómaldi's death and the myth of sacral kingship» kan lesast som ein demonstrasjon av synspunktet frå innleiinga om diakron tekstanalyse, og den kan såleis rosast for sine pedagogiske dygder. Ei og same forteljing blir analysert på tre nivå – først som ei forteljing i sin eigen rett, deretter som del av Heimskringla, og endeleg som del av Heimskringlas kjelde, Ynglingatal. I første lesing er det ein tragisk vegeta-

sjonsmyte, der Domalde blir offer for vinterens demoniske makt, i neste instans blir denne myten underordna eit teologisk føremål, og skal tene til å syne den heidne seidens fordervelege følgjer, medan forteljinga i den tredje analysen berre blir eit av fleire døme på opprør mot kongen i svensk forhistorie. Angrepsvinkelen er sær instruktiv, men også her kan ein stille seg spørjande til visse språklege detaljar. Eg finn det såleis søkt å sjå eit underliggjande ordspele med verbet *sá* – 'så', under bruken av verbet *sóa* – 'ofre', og eg kan ikkje sjå at Domalde er skildra som livlaus *för* mennene ber våpen på han, jf Finnur Jónssons omsetjing: »landets folk bar blodige våben fra Domaldes legeme».

Skaldisk tekstanalyse med djerv vilje til nytolking møter vi også i ein artikkel av *Roberta Frank* (Toronto), »Hand tools and power tools in Eilífr's *Pórsdrápa*». Også her er det særleg grunn til å framheve sjølve det analytiske grepet. Roberta Frank går nemleg resolutt ut over det språklege primærplanet med dei meiningar som teksten språkleg sett og uomtvisteleg har – i dette vanskelege diktet er det elles ikkje særleg mykje som er uomtvisteleg! Ut over dette dreg ho inn i meininganalysen dei metaforiske allusjonar som kan avlesast på eit anna tekstplan, og interpreterer ut frå dei. Dette gjev interessante resultat, men ein må tenkje over at ein då tolkar ut frå semantiske element som ikkje er syntaktisk bundne saman i banal språkleg forstand, og som derfor er prinsipielt fleirtydige på ein heilt annan måte enn ein grammatisk utforma setning. Tolkinga rykkjer dermed meir i nærleiken av psykoanalytiske lesemetodar, og det blir vanskeleg å anvisje nokon metode for kontroll av tolkingane.

Anne Heinrichs (Berlin) grev djupt i den historiske undergrunnen under sagaene i artikkelen »*Annat er vårt edli*. The type of the prepatriarchal woman in Old Norse literature». I sogene om Brynhild og Sigurd ser ho ein konflikt mellom to kulturar som avløyser kvarandre, ein førpatriarkalsk kultur der kvinnene hadde stor innverknad, og ein patriarkalsk kultur som sigra over denne. Gudrun Osvivsdotter i Soga om Laksdølane har førpatriarkalske trekk som motiverer henne til antipatriarkalsk åtferd. Anne Heinrichs demonstrerer at eddadikt og soger framleis har mykje å gje som kjelde for kulturhistorie og mentalitetshistorie, som godt kan nå temmeleg langt attende i tida. Ein må likevel vere open for at dei motsetningsstrukturar ho avdekkjer, kan ha andre forklaringar enn ei historisk endring i diakront perspektiv.

Artikkelen av *Carol J Clover* (Berkeley), »Hildigunnr's lament», liknar noko på den til Anne Heinrichs, både i emnevalet og i den »arkeologiske» haldninga, som søker historisk kunnskap under tekstoverflata. Men Clovers funn er av meir umiddelbart litteraturhistorisk art, med di ho meiner at den typiske sagascena med ei kvinne som eggjar til hemn kan ha si rot i ein litterær genre, nemleg ein kvinneleg klagesong, ein *grátr*.

Bolken om islendingsagaer inneheld artikkelar av *Joseph Harris* (Harvard) om »Saga as historical novel», av *Joaquín Martínez Pizarro* (Oberlin) om »The three meals in *Heiðarvígga saga*: repetition and functional diversity», av *Preben Meulengracht Sørensen* (Aarhus) om »Murder in marital bed. An attempt at understanding a crucial scene in *Gísla saga*», av *John Lindow* (Berkeley) om »*Porsteins þáttur skelks* and the verisimilitude of supernatural experience in saga literature» og av *Kirsten Hastrup*

(Aarhus), »Tracing tradition: an anthropological perspective on *Grettis saga Ásmundarsonar*».

Joseph Harris analyserer sagaens historiefortolkande karakter, med utgangspunkt i den tilsvarande funksjonen i moderne historiske romaner. I tråd med Gerd Wolfgang Webers teorian legg han vekt på det historiske perspektiv som følgde av medvitet om at religionsskiftet sette eit avgjerande skilje i historia. Joaquín Martínez Pizarro gjer greie for strukturelement i *Heiðarvígga saga*, og Preben Meulengracht Sørensen gjev ei så spennande og overraskande nytolking av *Gísla sagas* skildring av drapet på Torgrim, at eg skal halde meg frå å røpe poenget. John Lindow hentar synspunkt frå folkloristisk litteratur i si drøfting av det overnaturlige i sagaene, og han åttvarer mot ei altfor unyansert oppfatning av haldninga til det overnaturlige i det norrøne mellomaldersamfunnet. Kirsten Hastrup argumenterer for at hovudtemaet i Soga om Grette er motsetnaden mellom menneskeverda og verda utanfor, og ho drøfter ulike forståingar av denne motsetnaden i seks ulike historiske kontekstar.

Den siste hovudbolken inneheld artikkelar av *Birte Carlé* (Groningen) om »Men and women in the Saints' Sagas of Cod.Holm. 2, fol», av *Theodore M. Andersson* (Stanford), »An interpretation of *Piðreks saga*», av *Sverrir Tómasson* (Reykjavík) om »The 'fræðisaga' of Adonias», av *Hermann Reichert* (Wien) om »King Arthur's round table. Sociological implications of its literary reception in Scandinavia» og sist men ikkje minst av *Gerd Wolfgang Weber* (Frankfurt am Main) om »The decadence of feudal myth: towards a theory of *riddarasaga* and romance».

Theodore Andersson ruskar grundig opp i vedtekne læreboksanningar om Didrikssoga, og – sørgjeleg å seie – framstår ho no som mindre bergensk og meir tysk enn *för*, idet han meiner at den norrøne soga er omsetjing av ei skriven tysk soge. Han har jamvel funne ut at dette førelegget skal ha blitt til i Soest. Det eg finn mest fascinerande i Anderssons tilnærming, er det klåre synet for at den reint tekstfilologiske analysen, som her er av gammalt og godt merke i tysk tradisjon, i høg grad opnar synet for ein ny og strukturell analyse av teksten. I dette høvet er det tale om ei strukturering av forteljestoffet etter ein livssyklus.

Det eksemplariske i Sverrir Tómassons studium av prologen i Adoniassoga er framom alt at han går ut over ramma for ei registrering av topos, og fortolkar prologen ut frå heilskapen i soga.

Gerd Wolfgang Weber ser ein semiotisk analyse som ekvivalent med ein analyse av tekstens sosiale funksjon, og han freistar å forklare djuptgåande motsetnader mellom original og omsetjing i dei norrøne riddarsogene ut frå ulike sosiale behov i dei ulike samfunna. I Noreg og på Island, der det ikkje var noko føydalt publikum som kunne nytte segene til å artikulere sine egne høviske ideal, var det sjølve forteltnaden som appellerte, og sogene vart følgjeleg assimilerde med tradisjonelle narrative strukturar som var kjende frå fornaldarsoger, myter og eventyr. Dermed går dei på eit vis i ring og nærmar dei seg strukturane i opphavsmiljøet for dei keltiske forteljingane som ligg attom den franske høviske diktinga.

Medan *Structure and Meaning* gjennom eksempl gjev ei innføring i nye tendenser i studiet av norrøn litteratur, får vi i *Old Norse-Icelandic Literature* (heretter: ONIL) ei

rekke med bibliografiske essays og forskningsoversikt som gjev allmenn orientering on tendensane i sentrale delar av faget. *John Lindow* skriv om »Mythology and Mythography», *Joseph Harris* om »Eddic Poetry», *Roberta Frank* om »Skaldic Poetry», *Theodore M. Andersson* om »Kings' Sagas», *Carol J Clover* om »Icelandic Family Sagas» og *Marianne Kalinke* (Urbana) om »Norse Romance». Det er altså berre den siste forfattaren vi ikkje alt kjenner frå *Structure and meaning*.

Desse essaya dekkjer eit område som er for stort og mangfoldig til at det her er råd å gå inn på det i ein referande diskusjon. Men lat det vere sagt at samla sett gjev dei god og generøs innføring, og boka vil derfor vere ei framifrå innleiing i emnet for studentar, samstundes som garva folk av faget også vil hente impulsar. Sin viktigaste funksjon vil vel boka likevel få som eit bibliografisk oppslagsverk, der ho er eit høgst velkomne tilskot til dei hjelpemiddel som finst frå før.

Den bibliografiske situasjonen innom norrøn litteratur er allment sett god. Sentralt står sjølvstendte årlege bibliografien i BONIS, jamvel om den no ei stund har hatt vanskar med å halde seg å jour – sist utkomne hefte gjeld produksjonen frå 1979 og 1980. Gode nye tilskot har det òg kome dei siste åra, og ikkje minst det same amerikanske teamet som står bak ONIL har vore aktive. I 1985 kom det ein vakker tilvekst til spesialbibliografiane over einskildgenrar med *Bibliography of Old Norse-Icelandic Romances* av Marianne E. Kalinke og P. M. Mitchell. Den merkjer seg ut med å gje ein stutt presentasjon av kvar soge, med innhaldsreferat, og med å liste opp alle handskriftene – også dei yngre. Fleire særbibliografiar er i emning, ser det ut for. I forordet til ONIL er det varsla ein bibliografi over skandinavisk mytologi av John Lindow, og det er tale om ein større »working bibliography» over eddadiktinga ved Joseph Harris og Michael Sperberg-McQueen. Noko tilsvarende skal finnast i Frankfurt, får vi vite, som førearbeid til ein eddadokumentar. Større og mindre oppslagsverk som *Hoops Reallexikon der Germanischen Altertumskunde*, *Lexikon des Mittelalters* og *Dictionary of the Middle Ages* gjev og ei ajourføring av den sentrale bibliografien etter kvart som dei arbeider seg utover gjennom alfabetet. For ei rask orientering vil eg særleg nemne dei to små oppslagsbøkene frå serien Kröners Taschenausgabe, Rudolf Simek, *Lexikon der germanischen Mythologie* (1984) og Rudolf Simek og Hermann Pálsson, *Lexikon der altnordischen Literatur* (1987). Med sitt hendinge format er dei særst lettvinne å slå opp i, og for min eigen del kan eg seie at dei er i dagleg bruk.

Bibliografiane i ONIL gjev fyldigare oversyn over den aktuelle litteraturen på sine område enn desse oversynsverka, og eg har ikkje mykje å merke til innhaldet i dei. Men dei er noko ujamne i redigeringa og kunne vore meir systematisk samordna. I nokre av bibliografiane, mest gjennomført i Joseph Harris' eddabibliografi, er det ei sakleg underinndeling med eigne underavsnitt om dei ulike tekstane, medan andre berre gjev ei samanhengande litteraturliste alfabetisert etter forfattar. Marianne Kalinke gjer greie for utgåver og omsetjingar av riddarsoger og fornaldarsoger ordna etter verk, men gjev deretter ei samanhengande liste over sekundærlitteratur, som ikkje tek omsyn til fornaldarsogene. Bak i boka er det indeks over tekstar og mellomalderlege forfattarar, så denne skorten på tilvisning til verka ville ha vore lett å bøte på, om dei

berre hadde teke med bibliografiane som grunnlag for dette indekset. At det er ikkje gjort, tykkjer eg er ein lei mangel.

I bibliografien over islendingesoger er det ikkje teke med oversyn over standardutgåver, og grunnen skal vere at det er nok å vise til Íslenzk Fornrit', men dette avslører ei overvurdering av denne serien som berre er altfor utbreidd.

I fotnotane til essaya er det òg ein del bibliografiske opplysningar, naturleg nok, og ein god modell kan ein finne døme på hjå John Lindow, der han i note 17 gjev visse bibliografiske oppslag til eit sidetema, som det ikkje er høve til å ta med i hovudbibliografien. Men elles kan eg ikkje sjå noko fast system i utnyttinga av dei bibliografiske sjansar som noteapparatet gjev.

Når det gjeld den internasjonale orienteringa, merkjer òg John Lindow seg positivt ut med å ha oversyn også over den russiskspråklege litteraturen, der det elles kan knipe litt (t.d. vantar A. G. Gurevič' viktige monografi over Heimskringla (*Istoria i saga*, Moskva, 1972) i kapitlet om kongesoger).

Men desse merknadene til det formelle skal ikkje svekke inntrykket av at dette er ei verdfull grunnbok. Ikkje minst etter som internasjonaliseringa av faget aukar på, og det stendig blir meir vanskeleg å halde oversyn over kva som kjem ut i publikasjonar spreidde over heile verda, treng ein desse hjelpemidla endå meir enn før. Skulle ein til slutt tenkje framover, måtte det vere for å nemne trongen for ein fortløpande bibliografisk database til supplering av dei trykte bibliografiane.

Bjarne Fidjestøl

Renate Baader: *Dames de Lettres. Autorinnen des préziösen, hocharistokratischen und »modernen» Salons (1649–1698): Mlle de Scudéry – Mlle de Montpensier – Mme d'Aulnoy.* (= Romanistische Abhandlungen 5.) Stuttgart 1986.

Den nya feminismen har satt i gång forskning kring kvinnohistorikk og feminism i ulike l nder og tider. Att den franska feminismen under 1600-talet h r till det som dragit till sig mest uppm rksamhet  r inte underligt.  ven om den hade sin begr nsning genom att den var aristokratisk och hade sitt centrum i salongerna var den dj rvare och hade mer beg vade f respr kare  n andra motsvarigheter i  ldre tid. Inte bara franska litteraturforskare utan ocks  utl ndska har  gnat den grundliga studier. F r n gra  r sedan anm lde jag i denna  rsskrift (1978) en stor studie  ver kritiken av preciosit n (W. Zimmer: *Die literarische Kritik am Pr zi sentum*). Nu g ller min recension en annan diger tysk avhandling, denna g ng skriven av en kvinna, Renate Baaders habilitationsskrift med titeln *Dames de Lettres*. Boken  r »tyskt» grundlig, inte s rskilt pedagogisk i sin uppl gning och ganska kr vande att l sa, men den inneh ller mycken ny information och f r ndrar v r uppfattning om en hel del i den franska 1600-talslitteraturen.

Avhandlingen best r av tv  delar, en kortare som beskriver kvinnokulturen i 1600-talets feodalism och en l ngre som handlar om det kvinnorna skrev. I f rsta delen